

Til
føresette til elevar på Vg1-nivå

INFORMASJON OM PROSJEKT OM PSYKISK HELSE

Prosjektet blir kalla **VIP** – *veiledning og informasjon om psykiske problem og lidingar hos ungdom* – og blei starta opp som eit førebyggjande tiltak i Akershus fylke med støtte av helse- og sosialdepartementet. Prosjektet har sidan spreidd seg til stadig fleire fylke, inkl. Møre og Romsdal. Haram vidaregåande skule gjennomfører no VIP-prosjektet årleg etter oppmoding frå elevane som har vore med tidlegare. Tilbodet rettar seg mot alle Vg1-elevar ved skulen.

I korte trekk går VIP-prosjektet ut på å rettleie og informere lærarar og elevar om psykisk helse og psykiske problem hos ungdom.

Hovudmålet med prosjektet er:

”Å gjere elevar betre rusta til å ta vare på eiga psykisk helse og bli merksame på kva hjelpetiltak ein kan søkje ved psykiske problem og lidingar.”

Prosjektet ønskjer å sette søkjelys på vanlege ungdomsproblem. Mange går rundt med ulike typar problem, særleg i høve overgangen mellom barn og vaksen. Prosjektet vil ta opp emne kring tankar og kjensler som vi trur ungdom er opptekne av. I tillegg vil det kaste lys over nokon sjukdomstilstandar som kan råke ungdom.

Prosjektet vert gjennomført i veke 10

Skulen har valt **måndag 8.mars** til prosjektdag, men kontaktlærar vil introdusere tema allereie måndag 1.mars i basismøtetimen denne dagen. Den 8.mars er det avsett ein ½ dag til første del av prosjektet. Elevane vil få ein kort informasjon om prosjektet ved oppstart. Dei vil og få utlevert sitt eige studiehefte, der dei vil møte titlar som *”kjensler på godt og vondt”*, *”kriser og påkjenningar”*, *”uro, tvang og redsle”*, *”kampen om kroppen”*, og andre nærliggjande tema. Elevane vil få tid til å arbeide med heftet i lag med medelevar i basisgruppa og kontaktlærar.

Etter dette, i del 2, vil kvar klasse få besøk av fagpersonar, som saman med helsesøster vil gi meir informasjon, svare på spørsmål, diskutere emne som opptar gruppa, o.s.b. Prosjektet er ferdig gjennomført i løpet av veke 10.

I høve klassebesøka i veke 10 vil helsesøster og andre fagpersonar vere tilgjengelege for meir kontakt med elevar som ønskjer det. Konkret informasjon om tlf.nr., kontakttider, etc. vil bli gjort tilgjengeleg for elevane f.o.m. måndag 01.03.10.

Elles rår vi elevar til å snakke med helsesøster om ting dei lurar på omkring psykiske problem. Vi gjer merksam på at helsesøster har teieplikt.

Vi oppmodar dykk som føresette til å samtale om det som skal skje på skulen. Dessutan håper vi dykk vil ta dykk tid til å bla litt i studieheftet som elevane får tildelt. Ønskjer de meir informasjon om prosjektet, har prosjektet eiga heimeside der informasjon om VIP-prosjektet og om psykiske lidingar er lagt ut: www.vipweb.no

Med vennleg helsing

Jan Magne Helland
rektor